

## Tilskot innan landbruket 2025

Landbruket har fleire ulike tilskotsordningar. Nedanfor finn de ei oversikt over desse. Meir informasjon om dette finn de på heimesida til kommunen og på [trykk her](#) under "jordbruk" og vidare "ordningar for jordbruk". Her finn ein også lenkje til alle digitale søknadsskjema. Dersom du har spørsmål om dei ulike tilskotsordningane, så ta kontakt med oss på landbrukskontoret!

### Jan Endre Nesdal

Tlf. 902 55 815

E-post:

[jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no](mailto:jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no)

### Børild Skåra

Tlf. 906 99 240

E-post:

[borild.skara@orsta.kommune.no](mailto:borild.skara@orsta.kommune.no)

### Emma Marie Høie Kjøde

Tlf. 907 04 501

E-post:

[emma.marie.hoie.kjode@orsta.kommune.no](mailto:emma.marie.hoie.kjode@orsta.kommune.no)

### Oddhild Kalvatn

Tlf. 907 23 453

E-post:

[oddhild.kalvatn@orsta.kommune.no](mailto:oddhild.kalvatn@orsta.kommune.no)


### Produksjonstilskot

Føretak som driv med husdyr- og /eller planteproduksjon kan søke produksjons- og avløysartilskot. Føretaket må oppfylle visse vilkår for å vere berettiga tilskot, bl.a. vere registrert i Einheitsregisteret og drive vanleg jordbruksproduksjon. Ein får tilskot ut frå det dyretalet føretaket disponerer på telldatoane og tal dekar jordbruksareal som vert drive.

Søknad om **produksjonstilskot** og **avløysartilskot** har tre viktige datoar:

- **15.mars** er søknadsfrist for del 1. Her registrerast dyretal på telldato 1.mars. Det vert opna for å søkje 1. mars.
- **15.oktober** er søknadsfrist for del 2. Her registrerast dyretal på telldato 1.oktober, tal dekar areal og avløysarutgift. Det vert opna for å søkje 1. oktober.
- **10.januar** er frist for etterregistrering av enkelte opplysningar, bl.a. avløysarutgifter og sanka småfe.

Lenkje til søknadsskjema og meir info finn de [her](#).



## SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket)

Vi har fått tildeling på kr 600 000 for Ørsta kommune og kr 612 000 for Volda kommune. **Søknadsfrist er 1. februar**, med tildeling så snart vi har vedtaka klare. Dersom det er pengar igjen på ramma, vil desse verte fordele utover året etter kvart som søknader kjem inn, men vi ynskjer hovudtyngda av søknader innan fristen.

### AKTUELLE TILTAK OG PRIORITERING I PERIODEN

Ein kan gi støtte til følgjande tiltak i strategiperioden (opplistinga er ikkje prioritert):

#### a. Kulturlandskapstiltak:

- Biologisk mangfald/kulturmark (døme: stell av registrerte naturtypar, pollinatorvenlege tiltak, fjerning av svartelista/skadelege artar)
- Gamal kulturmark (døme: reetablering av innmarksbeiter ved rydding/gjerding, tiltak som fremmer beiting).
- Tilgjenge/opplevingskvalitet (døme: gamle vegfar, stiar, klopper, vad, bruer)
- Kulturminne/-miljø (døme: rydningsrøyser, vatningsanlegg, bakkemurar, steingardar)

- Eldre bygningar knytt til gardsdrift i inn- og utmark

#### b. Tiltak innan ureining:

- Hydrotekniske anlegg (døme: avskjeringsgrøfter, opne kanalar, plastring)
- Klimaplantingar/leplantingar
- Lagerplassar for rundballar
- Mindre utbetringar av gjødsellager
- Fangdam/våtmark

#### c. Planleggingstiltak

- Områdetiltak og andre fellestiltak

Ved prioritering av søknadane vil kriteria nedanfor vere avgjerande:

- Fellestiltak går framfor enkelttiltak
- Ved rydding/skjøtsel av gammal kulturmark vert areal som ikkje får produksjonstilskot prioritert framfor areal som allereie får produksjonstilskot.
- Råser i jordbruket sitt kulturlandskap vert prioritert framfor råser i utmark.
- Ved elles like søknader vert tiltak på bruk i drift prioritert framfor tiltak på bruk utan drift.



- Tiltak med tydeleg klimaeffekt har prioritet
- Ved prioriteringa skal ein og vurdere søknadane ut frå naturmangfaldlova § 8-12, og registreringar i Naturbase og Artskart.
- Fjerning av piggtråd

Ordninga med å søke tilskot til fjerning av piggtråd gjennom SMIL-ordninga vert vidareført. Det kan verte løyvd tilskot til fjerning av ståande og liggande piggtråd. Tilskotet i 2025 vert **kr 15 per meter**, uansett terren og tilgjengeleghet, og søknad skal innleverast på vanleg SMIL-søknadsskjema.

#### Vilkår:

- Piggtråden skal leverast på godkjend mottak. **Kvitteringa med vekt** skal leggast ved når ein ber om utbetaling av tilskotet. Ved levering er det viktig at ikke gras og anna avfall er vikla saman med piggtråden.
- I søknaden må det leggast ved kart som visar kvar piggtråden skal fjernast. Dette er viktig då det kan vere vanskeleg å på førehand anslå lengda/vekta på piggtråden som skal fjernast. Landbrukskontoret kan hjelpe med dette.
- Det er også krav til foto-dokumentasjon før, under og etter at tiltaket vert gjennomført.

- Ein kan søke om kun fjerning av piggtråd, men også som ein del av eit større tiltak t.d. istandsetting av gamalt kulturberte. Fjerning av piggtråden skal då førast opp som eit eige punkt i kostnadsoverslaget.
- Det kan også gjennomførast som eit fellesprosjekt, då skal det leggast ved skrifteleg avtale mellom deltakarane.

**Hugs at søknad må sendast og vere godkjent før du set i gong med tiltaket!**

[Lenkje til søknadsskjema - SMIL](#)

#### Tilskot til drenering


Tilskot til drenering er tilskot for å auke kvaliteten på jordbruksareal. Dersom du har eit vassjukt areal, vil det vere stor nytte å grøfte arealet, for å auke produksjonen på arealet og betre driftsvilkåra.

Søknadsfrist **heile året**. Søknadane blir handsama etter kvart som dei kjem inn. Tildelt ramme for Volda er kr 500 000, og for Ørsta kr 400 000.

Teksten nedanfor er henta frå lovdata, og difor på bokmål:

Formålet med forskriften er å øke kvaliteten på tidligere grøftet jordbruksjord ved å gi tilskudd til drenering av dårlig drenert jord med potensial for økt jordbruksproduksjon, samt å redusere faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoffer til vassdrag.

I denne forskrift menes med:



a. *Drenering:*

Tiltak for å fjerne overflødig vann fra et areal ved å lede bort overflatevann eller vann i jordprofilet.

b. *Grøfting:*

Anlegging av åpne grøfter eller lukka drensledninger for oppsamling og bortledning av vann.

c. *Systematisk grøfting:*

Drenering med en bestemt intensitet (avstand mellom grøftene) som dekker et gitt areal, tilstrekkelig til å sikre en tilfredsstillende dreneringstilstand på arealet.

d. *Profiling:*

Overflateforming der et system av åpne grøfter med møneformete teiger mellom sikrer overflateavrenning på arealet.

e. *Omgravning:*

Omsnuing av jordprofilet på myrarealer, slik at torvjord legges under og et lag av undergrunnsjord legges på toppen. Omgravning skal drenere arealet og bedre bæreevnen. Tilskudd etter denne forskriften kan gis til eier av eller foretak som leier tidligere grøftet jordbruksareal og som drenerer dette arealet. For planerte arealer kan det gis tilskudd til arealer som ikke tidligere er grøftet.

Søker må ha plan for dreneringen med kart, beskrivelse av tiltaket og den miljømessige virkningen av dette. Tilskudd kan ikke gis der tiltaket medfører vesentlig skade for annen eiendom og naturmangfold, vesentlig fare for flom og vannforurensning eller

fare for skade på automatisk fredede kulturminner. Tilskudd kan heller ikke gis der tiltaket er påbegynt før tilskudd er innvilget.

**Berekning av tilskot**

Tilskot til drenering av jordbruksjord, med systematisk grøfting, profilering og omgravning, utgjer kr 4 000 per dekar. Ved anna grøfting kan ein få kr 61 per løpemeter grøft men her og maksimalt kr 4 000 per dekar.

[Søknad](#)

**RMP**


Regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP) er tilskot for å gjøre miljøtiltak på eigen gard eller leigejord. Kvart fylke har sitt miljøprogram med forskjellige tiltak. Tiltaka vert bestemt ut frå kva Statsforvaltaren ser på som dei største miljøutfordringane i fylket. Tiltaka er innanfor følgande hovudområde:

- Redusere forureining til vatn og luft
- Ivareta kulturlandskap og kulturminne
- Tilrettelegge for friluftsliv
- Ivareta biologisk mangfold

Døme på tiltak ein kan få tilskot for er m.a. tidleg spreiing av gjødsel, bruk av nedleggings- eller nedfellingsutstyr, bruk av tilførselsslangar, drift av bratt areal og drift av seter.

Søknadsfristen er **15.oktober**. Det er mogleg å søkje frå 15.september.

Lenke til søknadsskjema og meir info finn de [her](#).



## UKL

UKL-ordninga (utvalde kulturlandskap) er ei spesiell ordning for tiltak i

### Hjørundfjorden og Norangsdalen.

Her vert det truleg ei tildeling på ca kr 850 000, der ca. kr 50 000 går til arealtilskot og ca kr 460 000 går til beitetilskot. Kr 340 000 går til eingongstiltak og investeringstiltak.

### Eingongstiltak / investeringstiltak på grunnlag av kvalifisert kostnadsoverslag

Søknadsfrist er **15. april.**

De kan søkjast tilskot til tiltak innan:

- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av areal
- Nødvendig planlegging av tiltak / prosjekt
- Formidlingstiltak
- Kartlegging og dokumentasjon av landskapsverdiar
- Tilrettelegging for ferdsel
- Gjennomføring av arrangement, kurs, fagdag eller liknande
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

## UKL – areal- og beitetilskot

Søknadsfrist er **15. september.**

### Beiting innanfor UKL-området

Kommunen kan gje tilskot til søkerar som mottek produksjonstilskot, og som har sleppt husdyr på beite innanfor grensene til utvalde kulturlandskapet, i **minst 5 veker**. Beitinga skal bidra til at kulturlandskapet og arealtilstanden vert oppretthalden på lang sikt. Årlig beitetilskot vert fastsett etter tal søknader. Tal dyr på beite vil gje grunnlag for kva tilskot det blir for kvart beitedyr.

- Sau/lam, geiter/kje ca. kr 100 per dyr
- Storfe og hest, voksne og unge ca. kr 500 per dyr


*\* Satsane er førebelse og kan bli justerte dersom talet på beitedyr blir vesentleg større eller mindre enn føresett.*

**Arealtilskot** i A-områder Stavset, Hustadneset, Skår, Leknes, Maude, Stennes og Finnes. Kr 100 per dekar fulldyrka og overflatedyrka areal.

Meir informasjon finn de her:

[Informasjon om utvalde kulturlandskap \(UKL\)](#)

Lenke til søknadsskjema finn de [her.](#)



## Tilskot tiltak i beiteområde

Dette tilskotet gjeld tiltak som bidreg til å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområde.

Det er først og fremst beitelaga som kan søke på dette tilskotet.

Enkeltføretak kan søke når det grunna naturgitte eller driftsmessige forhold ikke ligg til rette for samarbeid.

Døme på tiltak kan vere:

Sperregjerder, ferister, elektronisk overvakingsutstyr (t.d. radiobjøller, drone), saltsteinautomatar, sanke- og skilleanlegg.

Det er utarbeidd retningslinjer for ordninga som gjeld for 2024-2028.

Søknadsskjema og meir info finn de [her](#). Endeleg tildeling er ikkje klar, meir informasjon om dette kjem. Søknadsfrist er **1.april**.

**NB: Tilskot til drift av beitelag (OBBA) har frist 15.november og der nyttast [eige søknadsskjema](#).**

## Straumstøtte for 2025

Informasjon om straumstøtte finn de på heimesida til landbruksdirektoratet [her](#).

Du kan søkje om straumstøtte som jordbruksføretak.

Gå inn og registrer målaren din på heimesida til Landbruksdirektoratet, der finn du og utfyllande informasjon!

Mange jordbruksføretak har felles målar for hushaldninga og gardsdrifta, og er registrert som næringskunde hjå nettselskapen. Dersom ein er registrert som næringsverksemd i nettselskapen sitt kundesystem, får slike hushaldningar i utgangspunktet ikkje straumstøtte etter straumstøtteordninga for hushaldningar.

**Søknadsfrist er 12. februar 2025** for å kunne få støtte for inneverande år.

Vi gjer merksam på at det ikkje er landbrukskontoret som behandler søknadar om straumstøtte. Dersom de har spørsmål, bør desse rettast direkte til Landbruksdirektoratet.

## Tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel, og sjuke born.

Gjeld tilskot til dekning av kostnader til avløysing ved eigen eller born sin sjukdom, svangerskap, fødsel, adopsjon eller omsorgsovertaking, og ved dødsfall. Nytt regelverk frå 1/1-24 gir maksimal dagsats for tilskot kr 2.450,-. Du kan søke digitalt eller laste ned skjema og levere på papir. Les om ordninga og korleis søkje her:

[Søknadsskjema - Landbruksdirektoratet](#)



## Skogbruk

### Tilskot til skogsvegar, taubane og skogkultur 2025



#### Tilskotssatsar veg:

- Skogsbilveg inkl. snu-/lunneplassar: inntil 50 %.
- Vegar etter hovudplan eller foreløpig hovudplan kan få inntil 60 % tilskot.
- Traktorveg kl. 7: inntil 40 %. Høgaste sats kan berre brukast der vegen seinare vil bli bygd om til skogsbilveg.

#### Tilskotssatsar taubane:

1. Taubanedrifter, tilskot rekna ut frå formelen:  
Tilskot =  $200 - 0,6 \times$   
(tømmerpris - driftskostnad)  
Driftskostnaden vert rekna fram til bilveg. For å stimulere til drift med taubane vert det ytt eit minste tilskot på 30 kr/ m<sup>3</sup>.  
Tilskotet er avgrensa til maksimalt 300 kr/ m<sup>3</sup>.

2. Eigenaktive skogeigarar med taubane/slepebane: Inntil 250 kr/m<sup>3</sup>.
3. Motormanuell felling til hogstmaskin i bratt terregn. 60 % tilskot for dokumentert kostnad. Inntil 550 kr/time.
4. Ved treslagsskifte, med forhandsgodkjenning av kommunen, inntil 250 kr/m<sup>3</sup> for hogst av lauv og inntil 150 kr/m<sup>3</sup> for hogst av furu.
5. Maskinvinsj: inntil 50 kr/m<sup>3</sup>.
6. Andre tiltak som bidreg til å utvikle skogbruket: inntil 500 kr/m<sup>3</sup>.

#### Tilskotssatsar skogkultur i prioritert rekkefølgje:

1. Nyplanting: inntil 50 %. Inntil 5 kr/plante til eige arbeid.
2. Suppleringsplanting: inntil 60 %. Inntil 6 kr/plante til eige arbeid.
3. Flaterydding/ungskogpleie/ringbarking: inntil 70 %.
4. Planting ved treslagskifte til gran: inntil 70 %.
5. Grøfting/markarbeiding: inntil 70 %.

Spørsmål kring skog og vilt?

Kontakt

**Peder Magnussen,**

skogbruksansvarleg

Tlf. [45 28 26 80](tel:45282680)

Epost:

[peder.magnussen@orsta.kommune.no](mailto:peder.magnussen@orsta.kommune.no)

